



Statens vegvesen



Masfjorden kommune
Sandnes
5981 MASFJORDNES

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/innvalsnr: Sigmund Bødal - 55516146	Vår referanse: 2011/160891-007	Dykkar referanse:	Vår dato: 06.11.2014
------------------------------------	--	-----------------------------------	-------------------	-------------------------

Ferdigstilling av avkørysle på Fv 570 til bustadtomt på 34/13 og Skjerjebakken gravplass.

Vi viser til tidlegare kontakt i saka.

Etter siste synfaring på staden der Masfjorden kommune, grunneigare og Statens vegvesen deltok, vart det semje om å etablere ny avkørysle som skulle kunne nyttast til uttak av tømmer i området, tilkomst til einebustad på gbnr 34/13, samt tilkomst til Skjerjebakken gravplass.

Statens vegvesen gav 01.12.11 eit førehandstilsagn med krav til utforming av avkøyrsla. Viktige moment i dette førehandstilsagnet vår ei siktsone på 4 x 109 meter, svingradius på 9 meter, drenering og ei breidde på 5 meter.

Statens vegvesen gjennomførte i oktober 2014, ei synfaring på staden etter oppfordring frå ordfører Totland, med tanke på godkjenning Så langt vi kan vurdere er det lagt ned mykje arbeid i bygginga av avkøyrsla. Vegen innanfor fører ein lett fram til bustadområde og gravplass. Vi ser likevel at det er nokre manglar ved avkøyrsla. I siktsona i begge retningar står det framleis ein del trær. Desse må fjernast for å kunne oppnå så god sikt som mogleg.

Vidare har avkøyrsla ei breidde på bortimot 20 meter og framstår meir som ein open plass i staden for ei avkørysle. Denne må soleis trekkast saman noko ved avkøyringspunktet. Førehandstilsagnet la til grunn ei breidde på 5 meter på avkøyrsla.

Når det gjeld svingradius var kravet 9 meter. Dette er minstekravet for at større bilar skal kunne ta seg ut og inn av ei avkørysle på ein fornuftig måte. Dette la vi til grunn all den tid vi har fått ei forståing av at det skulle takast ut tømmer her. Ved synfaring hadde vegen ein svingradius på 7 meter.

Samla sett så er det manglar når det gjeld vegetasjon i siktsoner, breidde på avkøyrspunkt og svingradius i avkøyrsla. Desse punkta må utbetraast før vi kan godkjenne avkøyrsla.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø¹
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør



Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Otto Kvingedal